



KOMMUNEINFORMASJONEN

FYRESDAL

Januar 2011



Innhald:

Annonser frå næringslivet	s. 26-29
Bygdekino	s. 17
Folkestadbyen	s. 31-32
Fossum	s. 25
Fotballgruppa	s. 24
Fyresdal bondelag	s. 23
Fyresdal bygdekvinnelag	s. 22
Fyresdal folkebibliotek	s. 14-15
Fyresdal legekantor	s. 34
Fyresdal næringsorganisasjon	s. 23
Fyresdal pensjonistlag	s. 24
Fyresdal ungdomsklubb	s. 16-17
Førdsdal bygdekor	s. 23
Gimle skule takkar	s. 15
Høyring vegnam	s. 15
Kommunal informasjon	s. 13
Korpset	s. 24
Kyrkjedøra	s. 33
Kyrkjestoga	s. 25
Molandsmoen	s. 30
Politiske vedtak	s. 2-12
Taxi	s. 34
Toppturgruppa	s. 18-21
Vestkanten grendelag	s. 25
Veterinær	s. 21
Quiz	s. 24
4H Vest	s. 25

Side:

Det skjer i januar 2011:

- 04. Skitur med toppturgruppa – sjå side 18
- 06. Korpset – opptak nye aspiranter, s. 24
- 07. Jolefest på POS
- 07. 1-års jubileum Oleas Hus, langope
- 09. Joletreffest, Vestkanten grendelag
- 09. Joletreffest, Hauggrend grendelag
- 09. Messe Moland kyrkje
- 11. Skitur med toppturgruppa – sjå side 18
- 15. 4H-Vest, møte
- 17. Fyresdal næringsorganisasjon, møte
- 18. Skitur med toppturgruppa – sjå side 18
- 20. Fyresdal pensjonistlag, møte
- 23. Skitur med toppturgruppa – sjå side 18
- 23. Messe Moland kyrkje, kl 17.00
- 25. Skitur med toppturgruppa – sjå side 18
- 26. Veterinær – sjå side 21
- 28. Landsbypub
- 29. Quiz
- 30. Messe Moland kyrkje



Godt nyttår!

Vil du ha med eit innlegg i informasjonen for februar må du levere det innan 15. januar 2011.

E-post adressa er:

postmottak@fyresdal.kommune.no

2011

Fyresdal kommune tlf 35 06 71 00
Etter kl 15.00 Barnehagen tlf 35 06 71 80
Pleie- og omsorgssenteret tlf 35 06 71 67
Heimeside: www.fyresdal.kommune.no

Vedtak i Kommunestyret - 25.11.2010

Fastsetjing av grunnlag for eigedomsskattelegging 2011

Fyresdal kommune vil som alternativ til alminneleg taksering med heimel i lov av 17. desember 1982 nr. 82 som mellombels tillegg til lov av 6. juni 1975 nr. 29 om eigedomsskatt til kommunane ikkje auke taksten som eigedomane hadde pr. 01.01.2010.

Takstgrunnlaget vert å avrunde nedetter til næraste heile tusen kroner.

Eigedomsskatten vert utskreven med ein sats på 7 promille av takstgrunnlaget.

Opptak av lån - utbygging Gimle skule

Rådmannen får fullmakt til å gjennomføre låneopptak på 30 millionar kroner.

Prosesen skal gjennomførast ved bruk av rammeavtale på innlån.

Sal av eigedomen - Trudvang Gnr 37/Bnr 53

Fyresdal kommune sel eigedomen Trudvang Gnr 37/Bnr 53 for kr 900.000,-.

Kjøpar dekker alle utgifter i samband med salet.

Rådmannen får fullmakt til å gjennomføre salet.

Kjøpesummen vert avsett til investeringsfond.

Kommunalt gebyr - forvaltningsoppgåver etter matrikkellova

Når vi ser samanhengen med antall saker og arbeidet som kommunen har med forvaltningsoppgåver etter matrikkellova, dekker gebyra pr. i dag utgiftene som kommunen har.

Ut frå inntening i forhold til sjølvkost, er det ikkje lagt opp til auke i satsane i 2011.

Gebyr for forvaltningsoppgåver etter matrikkellova (lova § 32, forskriftene § 16) fastsetast som fylgjande:

<u>Kapittel 6 Gebyr</u>	<u>2011</u>
6.1 Oppretting av matrikkeleinhet	
6.1.1 Oppretting av grunneigedom og festegrund	
areal frå 0 – 2000 m ²	kr. 12 000,-
areal frå 2001 m ² – auking pr. påbyrja da.	kr. 1 000,-
Der markarbeid ikkje er påkrevd, utløyser det halvt gebyr.	
6.1.2 Matrikulering av eksisterande umatrikulert grunn	
pr. sak uansett areal	kr. 3 000,-
6.1.3 Oppmåling av uteareal på eigarseksjon	
Gebyr for oppmåling av uteareal pr. eigarseksjon	
areal frå 0 – 2000 m ²	kr. 9 000,-
areal frå 2001 m ² – auking pr. påbyrja da.	kr. 1 000,-
6.1.4 Oppretting av anleggseigedom	
Gebyr som for oppretting av grunneigedom.	
volum frå 0 – 2000 m ³	kr. 4 500,-
volum frå 2001 m ³ – auking pr. påbyrja 1000 m ³	kr. 500,-
6.1.5 Registrering av jordsameige	
Gebyr for registrering av eksisterande jordsameige fakturerast etter medgått tid, basert på 1,2 promille av årslønn.	

- 6.2 Oppretting av matrikkeleinhet utan fullført oppmålingsforretning**
 Visar til 6.1.1, 6.1.2, 6.1.4 og 6.1.5.
 I tillegg kan kome tilleggsgebyr for å utføre oppmålingsforretning.
- 6.2.1 Avbrot i oppmålingsforretning eller matrikulering**
 Gebyr for utført arbeid når saka blir trekt før den er fullført, må avvisast, ikkje let seg matrikkelføre på grunn av endra heimelsforhold eller av andre grunnar ikkje kan fullførast, blir sett til 1/3 av gebyrsatsane etter 6.1 og 6.2.
- 6.3 Grensejustering**
- 6.3.1 Grunneigedom, festegrunn og jordsameige**
 Ved gebyr for grensejustering kan arealet for involverte eigedomar justerast med inntil 5 % av areal på eigedomen. (maksimalgrensa er sett til 500 m²).
 Ein eigedom kan imedan ikkje avgje areal som i sum overstig 20 % av areal til eigedomen før justeringa.
 For grensejustering til veg- eller jernbaneformål kan andre arealklasser gjelde.
- | | |
|----------------------------------|-------------|
| areal frå 0 – 500 m ² | kr. 6 000,- |
|----------------------------------|-------------|
- 6.3.2 Anleggseigedom**
 For anleggseigedom kan volumet justerast med inntil 5 % av volumet på anleggseigedomen, men den maksimale grensa blir sett til 1000 m³.
- | | |
|-------------------------------------|-------------|
| volum frå 0 – 250 m ³ | kr. 2 250,- |
| volum frå 251 – 1000 m ³ | kr. 4 500,- |
- 6.4 Arealoverføring**
- 6.4.1 Grunneigedom, festegrunn og jordsameige**
 Ved arealoverføring skal oppmålingsforretning og tinglysing gjennomførast. Arealoverføring utløyser dokumentavgift. Dette gjeld ikkje arealoverføring til veg- og jernbaneformål.
- | | |
|---|-------------|
| areal frå 0 – 500 m ² | kr. 9 000,- |
| arealoverføring pr. nytt påbyrja 500 m ² medfører ein auke på gebyret på | kr. 500,- |
- 6.4.2 Anleggseigedom**
 For anleggseigedom kan volum som skal overførast frå ein matrikkeleinhet til ein annan, - ikkje vere registrert på ein tredje matrikkeleinhet. Volum kan kun overførast til ein matrikkeleinhet dersom vilkår for samaslåing er til stades. Matrikkeleinheten skal utgjere eit samanhengande volum.
- | | |
|--|-------------|
| volum frå 0 – 500 m ³ | kr. 3 000,- |
| overføring av volum pr. nytt påbyrja 500 m ³ fører til ein auke av gebyret på | kr. 500,- |
- 6.5 Klarlegging av eksisterande grense der grensa tidlegare er koordinatbestemt ved oppmålingsforretning**
- | | |
|---|-------------|
| For inntil 2 punkt | kr. 3 000,- |
| For overskytande grensepunkt, pr. punkt | kr. 300,- |
- 6.6 Klarlegging av eksisterande grense der grensa ikkje tidlegare er koordinatbestemt / eller klarlegging av rettigheter**
- | | |
|---|-------------|
| For inntil 2 punkt | kr. 6 000,- |
| For overskytande grensepunkt, pr. punkt | kr. 600,- |
- Gebyr for klarlegging av rettigheter blir fakturera etter medgått tid.
- 6.7 Privat grenseavtale**
- | | |
|---|-------------|
| For inntil 2 punkt eller 100 m grenselengde | kr. 1 000,- |
| For kvart nytt punkt eller påbyrja 100 m grenselengde | kr. 100,- |

Det skal velgast det mest rimelege alternativet for rekvirenten.

6.8 Urimeleg gebyr

Dersom gebyret visar seg å vere urimeleg i forhold til dei prinsippa som er lagt til grunn, og det arbeidet og dei kostnadene kommunen har hatt, kan administrasjonssjefen eller den han/ho har gjeve fullmakt, av eige tiltak fastsete eit passa gebyr.

Fullmaktshavar kan under same forutsetningar og med bakgrunn i grunngjeven søknad frå den som har fått krav om betaling av gebyr, fastsete eit redusert gebyr.

6.9 Tidspunkt for betaling

Gebyret skal krevast inn på forskot.

6.10 Endringar i grunnlaget for matrikkelføring av saka

Dersom rekvirenten gjer endringar i grunnlaget for matrikkelføring av saka i samband med at saka er under handsaming, blir gebyret likevel oppretthalde.

6.11 Utskriving av matrikkelbrev

Matrikkelbrev inntil 10 sider kr. 175,-

Over 10 sider kr. 350,-

Endring i maksimalsatsane blir regulert av Statens kartverk i takt med den årlege kostnadsutviklinga.

6.12 Gebyr rekna etter medgått tid

Gebyr for oppmålingsarbeid som ikkje kan fastsetast ut frå reglane over, skal reknast ut etter medgått tid, timepris som svarar til 1,2 promille av brutto årslønn for den som utfører arbeidet i tillegg til kostnader med reise og eventuelt merkemateriell.

6.13 Statlege gebyr og avgifter

Tinglysingsgebyr og eventuelle dokumentavgifter kjem i tillegg til alle kommunale gebyr.

6.14 Regulering av satsar for gebyr

Satsane blir kvart år regulera etter indekstal for kart- og oppmålingsarbeid hjå Statens kartverk, fyrste gong 01.01.2011.

Kommunalt gebyr - renovasjonsgebyr 2011

Gebyr for renovasjon i 2011 blir auka, og dette er i samsvar med vedtak fatta i representantskapet i Renovest IKS.

<u>Renovasjon</u>	<u>2011</u>
Standard abonnement bustad	kr. 2 244,-
Standard abonnement med heimekompostering	kr. 1 683,-
Redusera standard abonnement bustad	kr. 1 122,-
Miniabonnement	kr. 1 570,-
Høgstandard hytte	kr. 1 570,-
Standard hytteabonnement	kr. 1 122,-
Redusera hytteabonnement	kr. 448,-
Utleigehyblar med kjøkken	kr. 1 122,-

Alle gebyr er eksklusiv meirverdiavgift.

Kommunalt gebyr - plan- og byggegebyr 2011

Når vi ser sammenhengen med antall saker og arbeidet som kommunen har med plan- og byggesaker, dekker gebyra pr. i dag utgiftene som kommunen har. Dette gjeld innafor byggesaker og reguleringsplanar, samt utføring av tilsyn og kunngjeringsplanar av reguleringsplanar.

Ut frå inntening i forhold til sjølvkost, er det ikkje lagt opp til auke av satsane i 2011.

A. Gebyr byggesak 2011

Delingssaker § 12, går etter forskrift om gebyr jord- og skoglov	kr. 750,-
Søknad om tiltak utan ansvarsrett, § 20-2, mindre tiltak som krev søknad og løyve og som tiltakshavar kan stå ansvarleg for	kr. 1 200,-
Søknad om løyve til tiltak § 20-1, Rammeløyve og eitt-trinn søknadsbehandling, og tilsyn etter § 25-1	kr. 7 200,-
Andre byggesaker § 20-2, bruksendring, riving, og tilsyn etter § 25-1	kr. 2 400,-
Godkjenning av føretak § 22-3	kr. 2 400,-
Godkjenning av ansvarsrett §§ 23-3 og 23-4	kr. 600,-
Større bygg pr. m2	kr. 12,-
Dispensasjon etter reglane for enkeltsaker § 19-1	kr. 1 200,-
Hjelp kommunen yter til eigedomsmeglarfirma Når firma står ansvarleg for sal av eigedomar	kr. 600,-
Gebyr for utsleppsløyve jfr. Forureiningsforskrifta kap. 11, § 11-4 om avløp og gebyr:	
0-15 pe	kr. 1 200,-
16-49 pe	kr. 3 000,-
50-2000 pe	kr. 10 000,-

Hjelp kommunen yter med analyse av grusprøve i samband med utsleppsløyve kr. 600,-

Med byggherren sitt samtykke engasjere særskilt kontrollør av statiske beregningar, ventilasjon, heisar, grunntilhøve og vurdering av branntekniske forhold.
Gebyr blir tilsvarende medgått utgift.

B. Gebyr plansaker 2011

Reguleringsplan § 12-8, inntil 10 tomter	kr. 14 400,-
Tillegg over 10 tomter, pr. tomt § 12-8	kr. 240,-
Mindre endringar av godkjent plan § 12-14	kr. 6 000,-

Gebyrregulativet gjeld både for positive og negative vedtak på alle type saker.
Gebyrregulativet må kunngjerast på hensiktsmessig måte når det er endeleg vedteke.

Kommunalt gebyr - vass- og kloakkgebyr 2011

Ordinært vass- og kloakkgebyr blir ikkje auka i 2011.
Tilkoplingsgebyr blir auka.

Vass- og kloakkgebyr 2011

Årsgebyr vatn, pr. m3	kr. 9,-
-----------------------	---------

Minstegebyr bygg, vatn	kr. 2 310,-
Tilkoplingsgebyr, pr. m2	kr. 75,-
Minstegebyr tilkopling vatn	kr. 10 000,-
Gebyr fritidseigedom tilknytt vatn	kr. 1 848,-
Årsgebyr kloakk, pr. m3	kr. 16,-
Minstegebyr bygg, kloakk	kr. 4 010,-
Tilkoplingsgebyr, pr. m2	kr. 75,-
Minstegebyr tilkopling kloakk	kr. 10 000,-
Gebyr fritidseigedom tilknytt kloakk	kr. 3 465,-

Alle gebyr er eksklusiv meirverdiavgift.

Kommunalt gebyr - slamtøming/gebyr 2011

Gebyr for slamtøming i 2011 blir auka, og dette er i samsvar med vedtak fatta i representantskapet i Renovest IKS.

<u>Slamtøming</u>	<u>2011</u>
Slam med tank større/lik 4 m3, pr. tøming	kr. 1 354,-
Slam med tank mindre enn 4 m3, pr. tøming	kr. 1 354,-
Tett tank større/lik 4 m3, pr. tøming	kr. 1 354,-
Tett tank mindre enn 4 m3, pr. tøming	kr. 1 354,-
Større tank pr. m3 pr. år	kr. 236,-
Tøming utanom oppsett, nødtøming/ekstratøming	kr. 962,-

Dette utgjer kr. 1 354,- pr. tøming, uavhengig av storleik på tanken.

Tankar større/lik 4 m3 tømast kvart andre år.

Tankar mindre enn 4 m3 tømast kvart år.

Større tankar/fellesanlegg tømast etter eigen avtale.

Alle gebyr er eksklusiv meirverdiavgift.

Kommunalt gebyr - feie- og tilsynsgebyr 2011

Gebyr for feie- og tilsynsordning blir ikkje auka i 2011.

Gebyr for feie- og tilsynsordning i 2011

Ordinært feiegebyr	kr. 300,-
Ordinært tilsynsgebyr	kr. 150,-
Gebyr utover fyrste pipa på same hus, pr. pipe	kr. 225,-
Feiegebyr for feiing utover feierute, pr. feiing	kr. 450,-
Feiegebyr fritidsbustad, pr. feiing	kr. 500,-

Alle gebyr er eksklusiv meirverdiavgift.

Revidering av plan for kulturbygg, idrett og friluftsliv, 2011-2014

Plan for kulturbygg, idrett og friluftsliv 2011 – 2014 er vedteken slik den ligg føre, med fylgjande endring av handlingsprogrammet:

Punkt 1 vert endra til:

Uteområde Gimle skule og Park får ei totalramme på kr 3.300.000,-, fordela med nærmiljømidlar kr 750.000,- og kommunale midlar kr 2.550.000,-.

Punkt 3 vert endra til:

Klubbhus Skiskyttarlegg får ei totalramme på kr 1.500.000,-, fordela med kommunale midlar kr 500.000,-, Tippemidlar kr 500.000,- og private midlar kr 500.000,-.

Vedtak i Kommunestyret - 16.12.2010

Val av ny leiar og nytt medlem til administrasjonsutvalet

Olav Gisle Noraberg går inn som nytt medlem og ny leiar.

Kjell Åge Iversen går inn som 2. varamedlem.

Administrasjonsutvalet vil ha slik politisk samansetning:

Medlemer	Varamedlemer
Olav Gisle Noraberg(Ap), leiar	1. Siw Gundersen 2. Kjell Åge Iversen
Annveig Veum Aas(Sp), nestleiar	1. Tor Skræi 2. Kjell Sverre Thoresen
Tor Bolstad Jensen(BL)	1. Gunhild Austjord 2. Saamund Gjersund

Val av nytt medlem og val av ny nestleiar til hovudutvalet for landbruk og teknikk

Hovedutval for lanbruk og teknikk får slik samansetning:

Medlemer	Varamedlemer
Kjell Sverre Thoresen(Sp), leiar	1. Tor Skræi 2. Per Helge Seltveit 3. May Britt Festervoll
Siw Berve (Ap), nestleiar Kjell Åge Iversen (AP)	1. Nils Vidar Pettersen 2. Christin L. Skansen 3. Thorstein Wøllestad 4. Berit Gulbrandsen
Sven Erik Skomdal(BL) Maria N J B Van Terheijden(BL)	1. Tore Lotsberg 2. Jørgen Momrak 3. Ellen Sofie Skansen

Val av nytt medlem til råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Råd for menneske med nedsatt funksjonsevne får slik samansetning:

Frå brukarorganisasjonane:

Siv Frøydis Hansen, leiar	Trine Kirkevold, varamedlem
Kjell Åge Iversen, nestleiar	Leif Søllyst, varamedlem
Siw Berve (Ap), medlem	Per Helge Seltveit(Sp), varamedlem

Vest-Telemark Kraftlag AS - val til styret

Representantar frå Fyresdal kommune til styret i Vest-Telemark kraftlag AS:

<i>Fast representant:</i>	<i>Vara:</i>
Guro Libjå	Olav Gisle Noraberg

Representantskapen for Krisesenteret i Telemark - 2011

Representantskapen i Krisesenteret er lagt ned og det er difor ikkje naudsynt med val.

Vest-Telemark Tinget - suppleringsval 2011

Representantar til Vest-Telemark Tinget 2007 - 2011

Medlemer:	Personalege varamedlemer:
Ordføraren(Bjørn Nome)	Varaordføraren
Varaordføraren	Nils Kristian Moe
Saamund Gjersund	Gunhild Austjord

Økonomigjennomgang pr. 01.11.2010

Den økonomiske stoda pr. 01.11 vert teke til vitande.

Rammene for den enkelte sektor vert justera slik i driftsrekneskapen:

Sektor	Utgift	Inntekt
Sektor for økonomi og felles.	- 254.000	191.000
Sektor for helse og omsorg	910.000	290.000
Sektor for kultur og oppvekst	772.000	647.000
Sektor for plan og teknikk	1.285.000	1.215.000
Finans	0	370.000

Justeringar i investeringsrekneskapen slik:

Konto	Ansvar	Justering	Overførast drift
0241	Nærmiljøtiltak/veg	+ 2.000.000	
0310	Gimle skule	-20.000.000	900.000
0321	Bryggeparken	-500.000	
0326	Røyrledning	1.710.000	
0328	Industriområde	-2.389.000	
0330	Opprusting kom.bust.	-760.000	
0334	Pleie og omsorg	-100.000	
0335	Kommunehus	- 5.689.000	
0379	G/S-veg	-7.800.000	
0382	Vassforsyning	-388.000	
0386	Renseanlegg	-3.000.000	38.000
0389	Pumpestasjon	-100.000	67.000

Kommuneplanen, Planprogram

Framlegg til planprogram ved rullering av kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel i Fyresdal kommune vert vedteke i medhald av plan- og bygningslova §4-1 og §11-13 med fylgjande endringar:

Punkt 6 Framdriftsplan

Arbeid med arealdelen og KU i 2011, 1. og 2. gongs handsaming i formannskapet, og handsaminga i kommunestyret 2012

Punkt 7 Organisering av planprogrammet:

Arbeidsgruppa skal settast saman av Bjørn Nome, Kjell Sverre Thoresen, Berit Gulbrandsen og Maria Van Terheijden.

Ny lov om helse- og omsorgstenester og ny folkehelselov - høyring

Fyresdal kommune sender inn uttalene til høyring slik dei kjem fram i saksutgreiinga.

Rullering av rusmiddelpolitisk handlingsplan tiltaksdelen

Tiltaksplan i rusmiddel politisk handlingsplan vert vedteken slik den ligg føre med fylgjande endring:

Under målsetting 3: endre pkt foreldremøte ang rusproblematikk – til: Gimle skule og i barnehagen kvart 2. år

Under Akan endrast Fyresdal Næringsforum til Fyresdal Næringsorganisasjon

Rullering av handlingsplan for psykisk helse 2011-2014

Handlingsplan for psykisk helse og eit betre liv med tilhøyrande tiltaksplan blir vedteken slik ho ligg føre.

Handlingsplan for psykisk helse

Tiltak i 1000 kr og årsverk

Tiltak	ansvar	2011	2012	2013	2014
Vedtekne stillingar i psykiatri blir vidareført: Psykiatrisk sjukepleiar 100% Psykiatrisk hjelpepleiar 65% Helsesøster 5% Miljøarbeidar oppvekst 40%. Jordmor ungdommens helsestasjon 20% Fysioterapeut 20%	helse helse helse oppvekst Helse	Kostnad innarbeida i lønns-budsjett	Kostnad innarbeida i lønns-budsjett	Kostnad innarbeida i lønns-budsjett	Kostnad innarbeida i lønns-budsjett`
Helsestasjon for ungdom SMS teneste for ungdom Ungdomsaerobic for jenter	helse	Budsj. helse			
Aktivitetstilbod vaksne: Aktivitetshuset Aktivit/dagavd. POS	Helse (20`) Aktivitet (20`)	40`	30	30`	30`
Omsorgsteam Førebyggande tiltak barn og unge.		110`	110`	110`	110`
Sommaraktivitetar ungdom (tverrsektorielt prosjekt 2011)	Sektor helse og omsorg. Sektor kultur og oppvekst.	60`			
Rekrutteringstiltak og kurs: Støttekontaktar og treningskontaktar Fritid med bistand for barn, ungdom og vaksne.	Psykiatri,NAV og aktivitet	10`	10`	10`	10`

Brukarorganisasjonar: Styrke brukarmedverknad	Mental helse	12`	12`	12`	12
Kompetanseheving: Tverrfagleg kompetanseheving. Temakveldar	Sektor helse og omsorg	60`	50`	50`	50`

Endra satsar for foreldrebetaling i Fyresdal SFO

Fyresdal kommune aukar satsen på foreldrebetaling i SFO til kr. 28,- pr time.
Gjeldande satsar frå 1.1.2011 vil være;

Morgontilbod: 1 time		28,- pr. dag
Ettermiddagstilbod for ein dag 2.5 t./dag		280.- pr.mnd
Ettermiddagstilbod for to dagar 2.5 t./dag		560.- pr.mnd
Ettermiddagstilbod for tre dagar 2.5 t./dag		840.- pr.mnd
Ettermiddagstilbod for fire dagar 2.5 t./dag		1120.- pr.mnd
Ettermiddagstilbod for fem dagar 2.5 t./dag		1400.- pr.mnd
Heile dagar 8 t/dag		224,- pr. dag

Det blir gjeve 50% syskenmoderasjon, også når eit eller fleire av syskena er i barnehagen.

Betaling for 10 mnd. i året, frå 15 aug.- 15.juni

Ynskjer de plass i skulen sin sommarferie, må dette søkjast på ekstra. Sommartilbode er kr. 180,- pr. dag. Barna kan max vera 5 veker om sommaren.

Endra satsar for plassbetaling i kulturskulen

Fyresdal kommune aukar satsen på plassbetaling i kulturskulen.
Gjeldande satsar, pr. år, frå 1.1.2011 vil være;

Eineundervisning	kr. 2 500,-
Undervisning i grupper inntil 4 barn	kr. 2 000,-
Undervisning i grupper frå 5 og fleire	kr. 1 600,-

Det blir gjeve 50% syskenmoderasjon.

Administrasjonsutvalet sitt framlegg til nye personalpolitiske retningslinjer.

Personalpolitiske retningslinjer vert vedtekne som dei ligg føre med fylgjande endringar:

1. Seiste avsnitt i tildeling av gåver: *Ein gong i året i oktober/november, bed Fyresdal kommune v/rådmannen inn til ei markering for 25 års jubilantar og fast tilsette som vert pensjonistar i løpet av kalenderåret. Rådmannen står for det praktiske arrangementet og fellestenesta dekker utgiftene.*
2. I kapitel vedr. arbeidstidsordningar – Fleksibel arbeidstid/fleksitid blir teksten:
- dette gjelder og for sektorsjefar og rådmann – teken ut.

Økonomiplan 2011 - 2014 og årsbudsjett 2011

Økonomiplan 2011 – 2014 og årsbudsjett for 2011 for Fyresdal kommune vert vedteke slik det ligg føre med dei vedtekne endringsframlegga som kjem fram i handsaminga av saka. Nettoramme for kvar sektor i driftsbudsjettet blir som fylgjer:

	Utgift	Inntekt	Netto:
Fellestenesta	20.241.000	3.827.000	16.414.000
Helse og omsorg	41.631.000	9.659.000	31.972.000
Kultur og oppvekst	32.444.000	3.156.000	29.288.000
Plan og teknikk	20.484.000	11.969.000	8.515.000
Finans	29.249.000	115.438.000	-86.189.000

Fullmakt til å inngå kontrakt om utomhusarbeida ved Gimle skule

Styringsgruppa for offentlege tenestebygg får fullmakt til å inngå kontrakt evt. avlyse konkurransen dersom kostnadene blir for store i forhold til budsjett.

Statleg styring av NAV-kontor - reduksjon av rammer

Fyresdal kommune er alvorleg uroleg for måten arbeidsministeren og NAV-direktorat følgjer opp NAV-reforma, og syner seinast til opplegget til kutt på ca. 162. millionar kroner i 2011. Fyresdal kommune fryktar at dette får dramatiske konsekvensar for brukarane.

Fyresdal kommune opplever med det siste utspelet at tilliten til staten som partner i NAV-samarbeidet er svekka.

Fyresdal kommune krev at det ikkje vert gjennomført nye kutt ved dei lokale NAV-kontora i landet før det er gjennomført ei evaluering av NAV-reforma handsama av Stortinget.

Med bakgrunn i erfaringane med den statlege gjennomføringa av NAV-reforma, vil Fyresdal kommune samtidig uttrykkje stor uro for implementering av den foreslåtte samhandlingsreforma.

Fyresdal kommune vil oppmode KS om å reagere på dei varsla kutta i NAV 2011.

Særutskrift sendast Arbeidsminister Hanne Inger Bjurstrøm, NAV-Telemark, NAV-Fyresdal og KS.

Vedtak i Hovudutvalet for landbruk og teknikk – 15.11.2010

Søknad om konsesjon – Flaten 62/18

Hovudutvalet for landbruk og teknikk gjev Janine Braemer og Tobias Rosendahl konsesjon på erverv av Flaten 62/18 i Kleivgrend. Vilkåret er at søkjarane bur på eigedomen samanhengande i 5 år frå konsesjon vert gjeve og at driveplikta vert oppfylt anten ved eige drift eller med bortleige av arealet etter gjeldande retningslinjer.

Vedtaket er gjort etter heimel i konsesjonslova §§ 9 og 11, delegasjon frå Landbruks- og matdepartementet til kommunane og delegasjonsreglementet til Fyresdal kommune.

Klage på vedtak – motorferdsel i utmark

Klage frå Camilla Waal på vedtak 186/10 om avslag på søknad om snoskuterløyve frå Skåltjønn til søkjar hytte g.br.nr. 67/16 ved Djuptjønn takast ikkje til fylgje.

Det er ikkje kome inn nye moment i saka, og avslaget vert såleis ståande.

Vedtak i hovudutvalet for landbruk og teknikk – 06.12.2010

Økonomirapportering pr. 01.11.2010 sektor for plan og teknikk

Ein be om fylgjande budsjettjusteringar.

- 1.310 styrkast med restbeløpet bevilga til opprustning helsehus frå disposisjonsfond ca. 190 000.
- 1.310 styrkast med kr 900 000 frå opprustning Gimle skule 0.310.
- 1.382 styrkast med kr 67 000 frå budsjett pumpestasjon Kynjushamaren 0.389.
- 1.382 styrkast med kr 38 000 frå budsjett avløpsanlegg 0.386.

Søknad om konsesjon – tilleggsareal til Grindberg Trevarefabrikk 25/111

Hovudutvalet for landbruk og teknikk gjev Grindberg Trevarefabrikk konsesjon på erverv av 25/111. Dette grunngevast med at det vil styrke bedrifta og sikre arbeidsplassane då dei får det arealet som trengst til utviding. Det er ingen negative innverknader for landbruket i området.

Vedtaket er gjort med heimel i konsesjonslova § 1, delegasjon frå Landbruks- og matdepartementet til kommunane og delegasjonsreglementet til Fyresdal kommune.

Vedtak i Næringsfondsstyret - 09.12.2010

Næringsfondet - tilbakeføring av midlar som er innvilga, men ikkje nytta

Næringsfondsstyret inndreg midlane som står til rest i dei einskilde prosjekta som ikkje er igangsett eller er avslutta – der tidsfrist for gjennomføring er passert og det ikkje er gjort avtale om utsetjing av ferdigstilling.

Kr 350.000,- av dei tilbakeførte midlane blir nytta som kommunens andel i forbindelse med uteområde Gimle Skule/park, K-sak 59/10 – Plan for kulturbygg, idrett og friluftsliv. Resterande kr 46.218,- blir løyvd til investeringar på/ved flyplassen.

Vedtak i Hovudutvalet for kultur, oppvekst og omsorg - 01.12.2010

Digitalisering av gamle bilete - finansiering

Hovudutvalet for kultur, oppvekst og omsorg i Fyresdal kommune stør prosjektet om digitalisering av gamle bilete med kr 16.000,- til oppstart og drift i 2011.

Beløpet dekkjast av KOO fond konto 2 560 031.

Det står då att kr 31.850,- på fondet.

Bok om Kilegrend, søknad om økonomisk stønad

Fyresdal kommune stør arbeid med historisk bok om Kilegrend. Lars Veum får dekt kr 10.000,- som omsøkt. Beløpet dekkjast frå fond konto 2560031. Det står da att kr 48.850,- på fondet.

Informasjon frå legekantoret

Nå kan vi ønske velkomen til nytt venterom.
Takk for at de var tolmodige i denne perioden.
Sektor for plan og teknikk har utført ein kjempegod jobb.



Frå 1.januar blir det innført ekspedisjonsgebyr på kr. 54,- ved legekantoret.
Dette dekker utgifter og arbeid ved forsendelse etter pasientens ønske av reseptar, rekvisisjonar, henvisningar eller liknande pr.brev, faks, telefon el e-post.
Taksten blir ikkje dekt av folketrygda.

Frikort – nytt frå 2011

Nå får du frikort utan å søke om det.

- Frikort for helsetenester kjem i posten automatisk etter at du har betalt 1 880 kroner i eigendelar.
- Har du betalt for mykje, blir dette tilbakebetalt automatisk.
- Ta vare på kvitteringar for eigenkontroll.

Les meir på www.helfo.no/frikort eller ring frikorttelefonen 815 70 050.

Ordnar du pasientreisa sjølv?

Dersom du ordnar og betaler for reisa sjølv, må du framleis fylle ut eit reiserekningsskjema i etterkant for å få refundert reisekostnadane.

Når reiserekninga di blir registrert, vil du bli trekt for ein eigendel.

Eigendelen blir registrert automatisk i grunlaget for ditt frikort.

Reiserekningsskjema med rettleiande informasjon får du hos lege eller annan behandlar.

Du kan også laste det ned på www.pasientreiser.no

Ved spørsmål om pasientreiser, sjå www.pasientreiser.no eller ring 05515.for godkjente eigendelar

Ettersom alle egenandelene registreres automatisk „skal” Kvitteringskort for egenandeler” ikke lenger benyttes frå 2011.

Trening med fysioterapeuten

Kvar måndag kl 13.00.

Treninga er gratis, open for alle, og skjer i lokala til fysioterapeuten.

Mvh Åsa



No kan du symje deg til Playitas!

Konkurransen begynnar 1. januar og avsluttast 31. mars 2011

Måla er:

- 10 000 meter for voksen
- 2 500 meter for barn

Du bestemmer sjølv kor langt og kor ofte du vil symje.
Registreringskort får du av personalet i symjehallen.
Ein fin aktivitet på kalde vinterkveldar!



Fyresdal folkebibliotek

Velkommen til eit nytt år på Fyresdal folkebibliotek!

På denne lista finn du det siste som er kome på biblioteket.

Hugs at vi kan låne inn frå andre bibliotek, eller kjøpe inn, om det du ynskjer å låne ikkje finst på biblioteket i Fyresdal

Skjønnlitteratur vaksne

Berg, L: Slik skjer det ikke
Bruheim, M: Det som ein gong var
Bugge, M: GÅ under jorda
Celasin, I: Ingen manns land
De Lillo, D: Omegapunktet
Emberland: Edderkoppen
Foymland, E: Kranium & Sand
Grimsrud, B: En dåre fri
Gulliksen, G: Forenkling
Gunnerud, J: Skje din vilje
Harris, C: True blood 1-6
Haugland, T: Kvinner og kriminalitet
Jessen, I: Barnet
Jian, M: Beijing koma
Kepler: Paganinikontrakten
Kolden, R: I krig og kjærlyghet
Kroneberg, B: Ingen skal høre hvor stille det er
Larberg, H.P: Etter festen
Larsen, B.K: Himmelbjørnens skog
Lirhus, A: Affektlære
Mjønes, J: Orkanger
Mortensen, A: Roman
Nyborg, K: Ikke rart det kommer kråker
Nyborg, L: Bare mamma er som gud
Pearse, L: Til vi møtes igjen
Plau, H: Norsk familieleksikon
Refsum, C: Løftet
Reinertsen, M: Ligningen for lykke
Roberts, N: Når natt blir dag
Roberts, N: En duft av snø
Rødsøl, B: Himmelreisande
Sabatini, I: Nabogutten
Selmer, A: Bedringens vei
Serck, P: Natten


Stien, L: Hjem til jul
Surén, O: For hva det er verdt
Syvertsen, H: Det håndgripelige
Sørsdal, K: Makabre bikkjer
Tiller, C.F: Innsirkling 2
Aanestad, I: Stormkyss

Faglitteratur vaksne

Aristoteles: Athernes statsforfatning
Broling, I: Lev vackert
Hvem-hva-hvor 2011
Sørnes, T: Ondskap

Skjønnlitteratur barn og ungdom

19 monologer
Alver, L.M: Slangeringen
Ravnebitt
Andersson, R: Det ble så stille
Betzano, E: Si det!
Elskar, elsker ikkje
Eriksen, E.L: Pitbull-Terje på sporet av den tapte far
Estes, M: Sjøppel
Ewo, J: Havfruer svømmer i mai
Feragen, K: Albin og Luna
Fiske, A: Hallo planeten
Fretheim, T: Alltid Andrea
Fykse, G: Nelias gåte
Hellstenius, A: Fittekvote
Klepp, A: Jul eller aldri
Kvalvaag, H: Fengsla
Nesbø, J: Doktor Proktor og verdens undergang. Kanskje
Nilsen, O.M: Den grønne trussel
Oksholen, T: Vi er de døde
Otterlei, C: Klara og gangsterklubben
Owren, T: Sture og Manuel
Røssland, T.A: Svarte-Mathilda
Aalbu, R: Ville veier



Faglitteratur barn og ungdom

Christensen, M: Utvikling av multimedier

Lydbøker vaksne

Nilsen, T: Nede i himmelen

Lydbøker barn og ungdom

Bringsværd, T.Å: Vinter med Karsten og Petra

DVD

Extract (15 år)

Juno (7 år)

Mord & Mysterier 11 (11 år)

Nattens stemmer (11 år)

Risikofylt lek (11 år)


Sex and the City 2 (11 år)

Skriften på veggen – Varg Veum (15 år)

Skygger (11 år)

Tess D'Uberilles (11 år)

The New Daughter (15 år)



OPNINGSTIDA PÅ BIBLIOTEKET:

tysdag kl.10.00 – 16.00

onsdag kl.17.00 – 20.30

torsdag kl.12.00 – 16.00

fredag kl.10.00 – 16.00

Det er stengt i matpausa ca. 11.30 – 12.00.

Kjem du til stengt dør, kan du levere på sentralbordet i kommunehuset.

Du kan kontakte biblioteket via e-post liv.blorstad.kiland@fyresdal.kommune.no

og du kan sjekke bibliotek katalogen og dine egne lån via internett. Søk opp Fyresdal kommune, så finn du lett vidare. Ta kontakt med biblioteket om du står fast.

Gimle skule vi takke alle som støtta med premiar til Open dag.

Takk og til alle som var innom hotellet eller på Gimle desse dagane.

I år kan vi sende kr. 22.500,- til prosjekta våre i Laos. Det er utruleg bra.

Quiz på hotellet vart vunne av:

- Bjørn Nome, Arild Stiansen og Miriel Brinkhof
- Tipping på vekt av gotteriglas (hotellet) vart vunne av: Freddy Brander
- Tipping av antal gotteri på glas (Gimle) vart vunne av: Sølve Brekke

Helsing lærarar og elevar på Gimle skule.

Høyring vegnamn

Vegnamngruppa har nå ferdig eit utkast til høyring som gjeld vegnamn i Fyresdal.

Engasjementet har vore stort, og det er kome inn mange forslag på namn.

Før forslaga blir sendt til Stadnamntenesta for deretter å bli vedteke i kommunestyret er det høve til å kome med framlegg til endringar. Utkast til høyring ligg ute på sentralbordet på kommunehuset, biblioteket og på heimesidene til Fyresdal kommune, www.fyresdal.kommune.no

Vi vil trykke opp fleire eksemplar dersom nokon ynskjer å ta det med heim. Dersom ein i tillegg ynskjer å sjå på kart må ein venda seg til Ragnhild Berge, på hennar kontordagar måndag og tysdag.

Frist for skriftleg tilbakemelding er sett til, torsdag 20. januar 2011, til Ragnhild Berge
e-post: ragnhild.berge@fyresdal.kommune.no



Fyresdal ungdomsklubb skal vere ein attraktiv og uformell møteplass for barn og unge frå 5. klasse.

Hovudmål for kulturadministrasjonen:

- Sikre eit godt oppvekstmiljø for barn og ungdom, for å skape identitet til heimbygda.
- Born og unge skal få meir ansvar og medraderett
- Kommunen skal legge til rette lokale, og møteplassar for ungdom

På ungdomsklubben trengs det ikkje nødvendigvis å skje så mykje, det viktigaste er å ha ein arena der ungdom kan samlast på sine eigne premissar. Noko av det viktigaste med klubben er at det er vaksne til stades for og med ungdomen.

Lokale:

Ungdomsklubben held til i Fyresdal samfunnshus.

Opningstider:

- Onsdagsklubben er open frå 1400 til 2030. (brukarar frå 5. klasse og oppover)
- Fredagsklubben er open frå 1800 til 2300. (brukarar frå 8. klasse og oppover)

Klubben opnar litt tidlegare dei fredagane det er kino.

Når det gjelder laurdagsklubbar, datavaker, turar osv. fylg med i kommuneinfoen.

Transport

Det kostar 10.- kr å sitte på med bussen heim etter klubb.

Viel kjører frå klubben til Kilegrend. Birtedalen Rutebil kjører fra klubben til Vestkanten via Hauggrend. Ei av vaktene kjører til Kleivgrend.

Aktivitetar som dei kan gjere på klubben:

Bordtennis, biljard, fotball, pc, div spill, tv, musikk, PS3,WII, bable, osv.

Turar

Igjennom året har vi ein del aktivitetar/turar, som ski/badetur til Hovden, teatertur til Oslo, handletur til Sørlandssenteret.

Elles fylg med i kommuneinfoen.

Personalet:

Klubbleiar:

Svein Slyngstad Tlf arb: 95067131 Mob: 99225709

E-Post: svein.slyngstad@fyresdal.kommune.no

Klubbarbeidarar/lærlingar:

Lena Mari Storøygard og Nora Ramsvatn Angell.

Klubbstyre:

Jørgen Kile, Tora Veum, Lars Olav Libjå, Olav Andre Skræi, Anna Levang, Sverre Lien.

Generelle regler:

Klubben skal vere ein trygg arena for barn og ungdom.

Difor har vi nokon generelle regler som barn og ungdom må halde seg til:

Klubben skal vere:

- rusfri
- fri frå mobbing / trakassering
- open for alle

Generell info til føresette:

